

## **Referat frå møte i FAU-Rosseland torsdag 20.04.2017**

### **Til stades:**

1. trinn: Marlen Lindeland Sæther Fråfall
  2. trinn: Rolf Thu
  3. trinn: Tove Thu Frøyland
  4. trinn: Kim Andersen Sund (referent) og Trond Tveit
  5. trinn: Laila Tøresby
  6. trinn: Henriette Laland
  7. trinn: Lise Kindervåg Fråfall.
- Rektor: Geir Soma

### **Sak 12/17 Uteområde mot gamle Time vg.**

Teikningar og gapahuk. Trond orienterte om at Gapahuk blir for dyrt.

Uteområde mellom Rosseland skule og gamle Time vg. skule. Vedtak: Geir kallar inn til møte onsdag 10. mai, kl. 13.30 med arbeidsgruppa Rolf Thu, Trond Tveit og ansvarspersonar i kommunen for uteområde.

### **Sak 13/17 Skaterampen**

Tilstand til skaterampen mot aust, er ikkje i forsvarleg stand. Vedtak: Geir kontaktar kommunen, undersøker om å få den fjerna.

### **Sak 14/17 Retningslinja på internett vedr. reklame og marknadsføring**

Skulen har som retningslinje at det ikkje skal nyttast reklame og marknadsføring på skulen si heimesida.

### **Sak 15/17 17. mai**

Kort runde om førebuingar. Meir om 17. mai i neste FAU-møte, 04.05.

Skulen skriv på vekeplanen om ønskje om premiar til ulike 17. mai-aktivitetar.

Laila orienterte også frå møte i 17.mai-komiteen. Oppstillinga på torget etter barnetoget vert mot Tjemslandbygget og trappene.

### **Sak 16/17 Utsett foreldremøte om nettvett**

Ny dato, 29.mai. kl. 18-19.30. Info om dette kjem på vekeplanen og skulen si heimeside.

### **Sak 17/17 Olweusundersøkinga**

Geir orienterte kort om undersøkinga, også samanlikna mot Elevundersøkinga.

Tala frå undersøkinga viser ei negativ utvikling. Skulen har fokus på å jobba vidare mot mobbing.

Varslar har moglegheit til å melda frå om mobbing via Meld frå om mobbing-knappen som ligg på skulen si heimeside.

### **Sak 18/17 Innkalling til kommunalt FAU**

Rolf er kalla inn til møte. Kjem attende med info. på neste FAU-møte.

### **Sak 19/17 Orientering om bokmålsklasse**

Det vert ikkje bokmålsklasse for komande skuleår, det vert 4 parallellar på 1. trinn

Neste møte vert torsdag 04.05, kl. 20-21.30

Mvh.  
Kim Andersen Sund, referent